

LOV OG EVANGELIUM

Utgis av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 9

NOVEMBER 1994

30. årg.

I disse dager skjedde det at han gikk opp i fjellet for å be. Og han ble der hele natten i bønn til Gud. Luk 6, 12

I livet skal det treffes avgjørende valg. Når du står overfor dem, skal du tale med Gud før du bestemmer deg. Den største faren er at du selv tar avgjørelsen, og så ber Gud om å velsigne den. Det er ikke Gud fornøyd med. Han ønsker å lede deg i selve valget.

Du skal lære av Jesus. Han tilbrakte hele natten i bønn til Gud, før han valgte de tolv disiplene.

Kan man være sikker på å velge riktig når man har bedt?

Valgte Jesus riktig da han neste dag pekte på Judas som en av de tolv? Etter menneskelig tankegang var det et galt valg. Men det var riktig likevel.

Det var et valg som kom til å koste Jesus uendelig mye. Tenk for en byrde det måtte være å skulle omgås Judas hver eneste dag. I lykkelige timer med disippelflokkens indre krets må det ha vært som knivstikk hver gang Jesu øyne falt på forræderen. Jesus visste hva denne disippen skulle gjøre seg skyldig i overfor sin Mester. Han visste også hvordan

det ville ende med Judas. Men han sendte ikke Judas bort. Han lot ham ikke seile sin egen sjø. Stille og saktmodig lot han Judas være i sitt følge like til den natten da forrædet ble fullbyrdet.

Etter en natt i bønn visste Jesus at Judas var valgt.

Det kan se ut som om du velger galt selv om du har bedt. Men vær ikke for snar til å tro det. Guds veier er ikke våre. Hans tanker er langt høyere enn av våre. Du ser kort, mens han har det fulle overblikket.

Jesus måtte vandre med Judas. Paulus måtte bære tornen i kjødet. Også inn i ditt liv kan Gud ha lagt noe du ikke forstår. Uten at du selv ser det, tjener det Guds plan. Selv om du føler det som en hindring i tjenesten, er byrden likevel med til å holde deg på den rette plassen hvor Jesus kan komme til med sin nåde.

Og så er det godt å kunne si: Jeg har talt med Jesus om det. Men han har svart: «Min nåde er deg nok.»

*Fra «Ett er nødvendig»
av H. E. Nissen*

Tankar etter sommarskulane

Vel heimkommen etter sommarskulane, så kjem ettertanken: Kva opplevde me? Gilde samvær, gode stunder der me fekk gleda oss ved Ordet som vart forkynt, fryden ved å møta eldre og yngre vener, kjende og ukjende. - Stort å få vera med på tankane om misjonsarbeid, det som så mange har sakna og bedt om i årevis. Men det var òg saknet av gode vener som ikkje kom, kanskje fordi dei mista trua på misjonen vår.

Framfor alt kjem spørsmålet: Var sommarskulane velsigna av Den Heilage Gud, eller var det bare eit sosialt og religiøst samvær? Var der nokon, eldre eller yngre, som fekk eit møte med den tre gonger Heilage Gud? Var det nokon som var i åndelag naud?

Det var med blanda kjensler me kom til sommarskulane i år, for det har vore så mykje smerte i året som gjekk. Smerte over at venesamfunnet veiknar, smerte over at det var så lite vekkjing mellom oss, når me veit at dagen og framtida er så kort. Då vaknar tvilen og vantrua - er me på rett veg?

Det har blitt sagt om N.L.L. at det er ei reaksjonsrørsle, og dei blir ofte så kalde. Er det sanninga - eller i allfall ein del av sanninga om oss? Og

me som fekk den nåde å vera med i vekkjingstida omkring 1960, vil så lett spørja om kva det var som gjekk galt. Kvifor forsvann vekkjingsånda, og kvifor skjer det så lite?

Har Herren gitt opp N.L.L., så kan ingenting redda misjonen, då har han ikkje livets rett om det er aldri så sårt for oss som har blitt så glade i denne sendetenesta. -

Slik går tankane, fornufta sine tankar. Kvifor skal nettopp me møta alle vanskane og problema, når me så gjerne ville det beste for Guds rike? Så ser me at andre samfunn har suksess, vekst og framgang og der alt synest å lukkast, sjølv om deira teologi til dels er skikkeleg tvilsam.

Er me lik den klarsynte, men barnlause, Rakel, mens dei kan liknast med den dimsynte, men fruktbare Lea som fekk den nåde å verta Frelsarens stammor. Eller er denne medgang bare ei oppfylling av det me les i Openb., kap. 6, om ryttaren på den kvite hest som drog ut frå siger til siger, men var i selskap med ryttarane på dei raude, svarte og gule hestane med dei oppgåver som dei hadde i den siste tid?

Er «korsets anstøt» borte, då vil alt tilsynelatande lukkast for den som vil vera på himmelvegen. Då er

der ingen tale om å gjera bot, ingen anger over synd, inga anfekting - endå Guds ord så ofte vitnar om at syndserkjenning og syndstilgjeving høyrer nøye saman.

Det er ei lita songstrofe som så ofte har kome i tankane mine i desse dagar, ei bøn: «O Jesus gjør oss ganske små og fattige i ånden.» Får me leva her, ja då er me på den plass Gud vil ha oss, om enn vårt hjarta og heile den verdslege og religiøse verda seier noko anna. Så er det også Guds sak å leggja gjerningane

ferdige, som vår misjon skal få vandra i.

Kanskje det er vår oppgåve - som Paulus skriv i 1. Kor. 12 - å vera den lem på lekamen som synest ringast, den er naudsynleg - for Gud har sett lekamen soleis saman at han gav det ringaste størst æra. Er me nøgde med denne uriasposten, og kan me i fullkommen gleda seja med Johannes: «Han lyt veksa - men eg lyt minka.»?

Er det enno von om god, gammaldags vekkjing bland oss? Vekkjing med sorg over synd, med anfekting, og med utløysing og frelesvissa. Med tårer i augo og med lovsong i sinnet. Er det muleg å bryta gjennom den sterke åndsmuren som vil kvela alt sant gudsliv? Ettter hendinga på Tabor, sa Jesus - då læresveinane stod rådlause - at dette slaget kan bare drivast ut med bøn og faste. Men så seier han òg at ingenting er umuleg for Gud, og alt er muleg for den som trur.

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt til alle som sender ekspedisjonen navn og adresse.

Bladet blir holdt oppe av frivillige gaver.

Eksp.: Abonnement, oppsigelse og adresseforandring sendes til Dag Rune Lid,
5600 Norheimsund, tlf. 56 55 26 72

Gaver til bladet kan sendes kasserer M. Frafjord,
tlf. 51 71 06 29. Postgiro 0801.5682133.

Red. Styret i N.L.L. v/Ragnar Opstad,
Opstadv. 38, 4350 Nærbø.
Tlf. 51 43 36 85, telefax 51 43 36 85

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Formann Karl B. Bø

Vistnesven. 13, 4070 Randaberg,
telefon og fax 51 41 87 46

Sekretær Håvar Fjære, Goksjøruta,
3220 Sandefjord, tlf. 33 11 08 31

Kasserer Margrete Frafjord, 4164 Fogn,
tlf. 51 71 06 29.

Postgiro 0801.5682133. Bankgiro 3204.10.10222

BIBELSKOLEN PÅ FOSSNES, 3160 Stokke

Telefon 33 33 93 98, telefax 33 33 91 40

Bankgiro 2490.45.39496
Postgiro 0825.0771534

Rektor Per Bergene Holm,
3282 Kvelde, tlf. 33 11 26 96

Og nå har eg eit direkte spørsmål: Ber du for våre forkynnurar, har du omsorg for vårt styre? Ligg nauda for at sjeler skal bli frelst - på deg? Er du i bøn og faste etter Jesu oppskrift? Eller må du som eg stemma i: «Jeg står så langt tilbake i barnlig lydighet, og må nu frukten smake i sår samvittighet.» Lat dette få驱va oss inn til Jesu hjarta, så me vert eit

audmjukt og armt folk. Sef. 3.7-20. Då kan me og stemma i: Jubla du Sions dotter - Herren din Gud er hjå deg, ei kjempa som kan frelsa. Han gleder seg over deg med fagnad, han tegjer i sin kjærleik, han jublar i frygd over deg. - Eg vil frelsa dei halte og sanka saman dei bortdrivne og gjera dei til æra og gjetord over heile jorda, der dei før var vanæra. (Sef. 3.14-19)

Mitt enkle vitnemål må verta: «Det eneste håp som jeg eier, det har jeg jo Jesus i deg.» Det er godt for mitt hjarta å få lov til å kviskra til Jesus om alt det som gjekk galt for meg, og samstundes veta at Han veit om så uendeleg mykje synd som eg ikkje registrerte, Han som til fulle kjenner mitt syndeforderv. Li-

kevel, ja likevel gav Han meg sitt kall der eg trudde eg gjekk mine eigne vegar, utan å vera klar over at det var Satan som hadde taumane og styrde kursen. Og ordet i Rom.11.29 har så mange gonger vorte mi trøyst - at Gud ikkje angrar sitt kall, endå «Han visste alt om meg før Han meg kalla.» - Og før dette personlege kall kom, var grunnlaget, sjølve frelsesverket fullført og fullbrakt. Jesus sa: *Eg vil* - ein fullkommen vilje i motsetnad til våre vaklande og upålitelege standpunkt og viljeavgjerdsler. Det er bare ordet om Jesus og hans soningsdød for mine synder, som gir mitt hjarta den einaste, levande trøyst.

Sverre Ånestad

Guds plan!

For mine tankar er ikke dykkar tankar, og dykkar vegar er ikke mine vegar, seier Herren; nei så høg som himmelen er over jorda, så er mine vegar høgare enn dykkar vegar og mine tankar høgare enn dykkar tankar.

Esaias 55.8-9.

Unge kristne snakkar i dag så mykje om Guds plan med livet. «Kva vil Gud med meg, kva veg skal eg gå, ja, kva er Guds plan med livet mitt?» Slik spør ein seg sjølv fleire gonger, og ein er usikker på

om livet ein lever er i samsvar med Guds plan.

I denne samanheng har eg vorte minna om dei to versa me les over. Guds tankar er ikke våre tankar. Guds vegar er ikke våre vegar. Skal

me då med vår skrøpelege, menneskelege fornuft blanda oss opp i Guds visdom? Å, arme syndar! Skal ikkje du snart byrja å sjå på Jesus i staden for å tenkja på denne Guds plan med ditt liv?

Kva er eigentleg den sanne Guds plan med deg? *Han vil berge deg for himlen!* Han vil frelsa deg! Om du kunne bli meir oppteken av dette. Du som har teke imot Jesus som din personlege frelsar og redningsmann for himlen, ja, du er sanneleg i Guds plan kor enn du er! Du er I KRISTUS! Men er du utanfor samfunn med den Herre Jesus, så vil du aldri koma i Guds plan med ditt liv. Men du som lever i Jesu blod og har din redning i Jesu liv, du er der Jesus er! Eit Guds barn kan umogeleg vera ein annan plass enn der Jesus er - altså I KRISTUS! Og lever du i Kristus, så kan du sanneleg ikkje koma nærmare Guds plan med ditt liv. Det ville jo vera underleg for ein Jesu Kristi pilgrim å byrja å spørja etter Guds veg og plan, når ein midt i sin vesaldom står planta med begge beina i Guds underbare nåde! Han har ikkje ulukkestankar med oss, men Han har tankar til fred. Han vil gje oss framtid og von (Jer. 29.11). Å, kor lite visdom me har. Det viser berre kor lite me forstår oss på Guds råd til frelse.

Guds tankar er ikkje våre tankar og Guds vegar er ikkje våre vegar.

Nei, det har du sanneleg fått erfara du som har teke din tilfukt til Jesus. Å, kor ofte har det ikkje gått stikk imot den vegen som du hadde valt deg ut? Himmelvegen er så kronglete og smal. Eg ser så lite, det er ofte så mørkt, og mange gonger synes vegen å verta borte. «Då høyrer i stormen eg frelsarens ord. Det var som Han sov, men Han er då ombord!» Så godt det er når denne røyst lyder, når denne underlege mann kviskrar syndsforlating og frelse inn i di sjel. Då blir det salig også her på jord. Då blir vel Guds plan eit så lite emne, når du får sjå på Jesus og kvila i Han.

Men midt i dette vil likevel eg og du «sondera» oss ut ein veg som me trur er best for oss. Kor me dårar oss sjølve. Fortapte syndarar. Men lev i Guds Ord, kjære medvandrar. Så ser du kanskje lite av Guds plan- med og i ditt liv, men bli aldri ferdig med å sjå på Jesus! Og midt i dette skal du få erfara at det bér mot himlen!

Magne Straumstein

«Ditt ord er en lykte for min fot og et lys for min sti.»

Salme 119, 105.

Hva er Guds vilje med meg? Hva er Guds plan med mitt liv? Slik spør mange kristne, særlig unge. Og ofte klager de også over at de ikke har noen som helst visshet om hva Gud vil med dem.

Men det er ikke visshet om Guds plan vi trenger som kristne. Det er den villige ånd å gå dit Gud vil. Har vi denne villige ånd, kan ikke noe hindre Gud i å virkeliggjøre sin plan med oss.

Hvordan går det til?

Guds ord gir mange svar på det. Ett av dem har vi her. Guds ord er en lykte for min fot og et lys for min sti.

Når du står på en sti i mørket med en lykt i hånden, ser du ikke langt stykke frem. Men du ser neste skritt. På den måten kan du ved hjelp av en lykt gå trygt og komme frem til målet.

Det er dette bildet Guds ord bruker her. Vil du ha visshet om Guds plan med hele ditt liv, kommer du ikke videre. Men Gud gir deg lys over neste skritt. Du vet hva du trenger i dag. Følger du det lys som du har i dag, kommer du også til å følge det i morgen. Fra dag til dag kommer Guds ord til å lede deg, og Herren kommer til å virkeliggjøre alle sine tanker og planer med deg og ditt liv.

Særlig gjelder det å være tro i det små. Vårt liv er sammensatt av de små ting. Den som følger Guds ord her, får oppleve at Gud kommer til å bestemme hele hans liv, og han havner nettopp på den plass Gud har utsett ham til.

*Fra «Ved Kilden»
av Ø. Andersen*

- Men augo våre er vende mot deg

Kong Josafat og folket i Juda var komne i naud, og dei samla seg framfor Herrens Heilagdom i Jeru-

salem og ropte til Herren om frelse og utfriing. Årsaka til at Herren måtte tukte, var at folket hadde falle

frå Herren og byrja tilbe andre gudar. Så er det at Josafat blir konge i Juda, og han vandrar på Herrens vegar og prøver å føre folket attende til Herren.

Me kan sjå mange parallellear til vår eiga tid, når det gjeld fråfallet. Bibelen omtalar fråfallet på mange måtar: "Folket mitt går til grunne fordi det ikkje har kunnskap."(Hosea 4.6) "Muren kring Jerusalem er riven ned, og portane er brende." (Nehemja 1.3) "Herrens Ord har dei vraka." (Jeremia 8.9) "Men om saltet misser si kraft, kva skal det då saltast med ?"(Mat. 5.13) Konsekvensen av dette fråfallet legg heller ikkje Bibelen skjul på: "Guds vreide blir openberra frå himmelen over all gudløyse og urettferd hjå menneske som held sanninga nede i urettferd." (Rom 1.18) Men også gjennom Israels historie fekk dei oppleve vekkjingar.

Gjestingstider

Juda fekk fleire gonger oppleve gjestingstider frå Herren, og opp gjennom kyrkjehistoria har me hatt mange slike periodar. Me fekk Luther, Hans Nielsen Hauge, Rosenius - personar, bevegelsar, kyrkjer som Herren fekk nytte til å vinne store sigrar i Guds rike. Om ikkje vårt eige folk og land skal gå til grunne,

treng me også i dag slike som Herren kan få bruke. Guds folk treng behaustens Herre om å drive arbeidrar ut til sin haust, som med frimod kan svinge "Andens sverd, som er Guds Ord."(Ef. 6)

2. Krønikebok 17-21 omtalar korleis Josafat fører folket attende til deira fedres Gud. Det første Josafat gjorde, var å setje ut vaktpostar som kunne vakte folket for fienden. I åndeleg forstand treng me også be om at Herren kunne få reise opp fleire hyrdar og vaktpostar som kunne vere vekkjerrøyster i folket, og som kunne avsløre fienden sine lumske angrep - og at dei me har, måtte få frimod til å stå fast på Guds Ord.

Det tredje året han styrer, sender Josafat hovdingar ut i folket med Herrens lovbok - Guds Ord til folket. Josafat visste kor viktig det var at Andens sverd kunne få røra ved hjarto. Det Ordet som **er levande**, verksamt og kvassare enn noko tveeggja sverd.

Hovmod og fråfall

Herren tryggja no kongedømet til Josafat , men midt opp i dette ser det ut for at hovmodet og fråfallet kom inn. Josafat gjorde den store synd å inngå ei fredspakt med den ugudele-

ge kong Akab i Nordriket. Det var han som let innføre dyrkinga av Baal, og han var også med på Karmel då Elias hadde oppgjer med avgudane. Men møtet med Elias på Karmel ser berre ut til å ha ført han djupare inn i forherdinga.

Kong Josafat byrja å lita på menneske og inngjekk alliansar for å sikre seg mot fienden. Gud derimot, ville dei skulle være avhengige av han aleine. "Forbanna er den mannen som lit på menneske og gjer kjøt til sin arm, som i sitt hjarta vik frå Herren." (Jeremia 17.5)

Denne pakta mellom Josafat og Akab førte Josafat til fall. Gud hadde gjennom profeten Mika advart, **men dei ville ikkje høyre**. Det står at Akab slakta småfe og storfe for Josafat, og det ser ut til at hovmodet fekk rom. Josafat makta ikkje lenger å gje Guds tale rett. Tidsånda og fråfallet hadde fått gripe hjarta, og den åndelege sovn blei ein realitet. Menskefrykta blei større enn guds-frykta. Korleis er det med Guds folk i dag ? Har denne verdens ånd fått innplass i kyrkje og bedehus ? Har det skjedd, ja, då står ein i same fare som kong Josafat.

Guds Ord gjekk då som no alltid i oppfylling, og kong Akab blir drepen av ei pil som Gud styrte. Det

står at ein mann spente bogen i fiendeiren og skaut på måfå, og råka Akab mellom brynjestakken og brynja - det ømmaste punktet i rustninga. Det var nettopp som det står skrive i Jesaias 49.2 der Jesus og Ordet seier; Han har gjort meg til ei blank pil.

Her ser me kor farleg det var for kong Josafat å gå på akkord med synda, og det er like farleg for ein kristen i dag. Djævelen malar alltid synda så ufarleg og uskuldig. Til å byrje med kan det vere eit indre fall, men fører det ikkje til oppgjer, vil det også føre til ytre fall og til slutt fråfall frå Herren. Så farleg er syna. Det gjeld enkelpersonar, organisasjonar og kyrkjesamfunn - slår ein av på Guds Ord, vil det alltid få konsekvensar.

Når så kong Josafat kjem heim att frå krigen, møter han også denne blanke pila gjennom profeten Jehu. Profeten seier: "For dette kviler Herrens vreide over deg". (19.2) Dette førte nok til eit oppgjer med Gud for kong Josafat. Synda måtte fram i lyset, om han skulle fortsetje å vandre på Herrens veg.

Tidsånda

Er det ikkje nettopp det som skjedde med kong Josafat, som

skjer i mange samanhengar i dag også. Tidsånda trengjer seg inn, og det kostar for mykje å ta oppgjer med fråfallet, og så slår ein av på Guds Ord. «Har Gud verkeleg sagt», får trengje inn og stele åndsmakt og åndskraft. Men der tidsånda får innpass, der må Guds Ånd til slutt vike - sjølv om aktiviteten kan være stor.

Olav Valen Sendstad seier "Tidsånden er som en hemmelig makt mellom oss som lyser oss i uforsonlig bann om vi våger å antaste den. Derfor er tidsånden slik at den i seg selv er en art forblindethet, og virker forblindene - selv på oppriktige og bra mennesker." Er me klar over denne faren i dag, eller har tidsånda fått innpass? Det er berre den som står for Guds åsyn, som kan skilje det edle frå det uedle. (Jeremia 15.19)

Men kong Josafat kom inn i vekkjinga med sitt liv, og den bibelske vekkjinga byrjar ofte mellom Guds folk. Då blir det som David opplevde det: "Dag og natt låg di hand tungt på meg. Mi livssaft kvarv som i sommartørken". (Salme 32. 4) Då blir det rop om frelse og utfriing, og då kan Herren få frelse. For Josafat ser det ut for at det førte til oppgjer med Gud, for han reiser etter ut frå Be'erseba til Efram'imsfjella, og fø-

rer folket attende til Herren, deira fedres Gud. (19.4)

I tru til Herren

Det går ikkje lenge før fienden bankar på døra hos folket i Juda att, og slik vil det alltid vere for Guds folk også. No kjem det ein stor hær frå Syria som vil angripe Juda, og då står det at Josafat blir redd. Han vender seg i bøn til Herren og lyser ut ei faste over heile Juda. Så samlar heile folket seg i Jerusalem for å søkje hjelp hjå Gud.

Folket minner Herren om hans lovnadar, og på same tid seier dei : "For me har ikkje styrke nok til å stå mot denne store hæren som kjem imot oss, me veit ikkje kva me skal gjera. Men augo våre er vende mot deg." (20.12) Det ser ut for at såarbeidet har hatt sin verknad i folket.

Herren talar til folket og seier: "Vær ikkje redde! Denne store hæren skal de ikkje ottast. For denne striden er ikkje dykkar, men Guds.... Men det er ikkje de som skal strida her. De skal berre stilla dykk opp og stå og sjå korleis Herren frelser dykk - de frå Juda og Jerusalem. Ottast ikkje og ver ikkje redde! Drag ut mot dei i morgen, og Herren skal vera med dykk."(20.17)

Dei gjorde som Herren hadde sagt i sitt Ord, og Josafat formanar folket: "Tru på Herren dykkar Gud, så skal de halde stand! Tru på profetane hans, så skal de ha lukke med dykk!"(20.20) Kva er det Paulus skriv til den unge Timoteus ? "For Gud gav oss ikkje ei ånd som verkar motløyse, men ei som verkar kraft og kjærleik og visdom."(2. Tim. 1.7)

No gjekk dei i tru til han som har all makt i himmel og på jord, og kva skjedde ? Jau, ved tru til Herren vann dei siger. (Jamf. Hebr. 11.33) Då dei kom opp på høgda der ein kunne sjå ut over øydemarka, fekk dei sjå at fienden var slått - og det var ingen som hadde slokke unna. Herren hadde kjempa for dei og vunne, på same måte som han har vunne ei evig utløysing for sitt eige folk - utan menneskeleg medverknad.

Det hærfanget dei tok var så stort at dei ikkje kunne bere det, og etter at dei hadde samla saman hærfanget i tre dagar, møttest dei i lovprisingsdalen og lova Herren. Dei vende glade attende til Jerusalem, for Herren hadde gjeve dei den gled å vinne over fiendane, og riket åt Josafat hadde no fred, fordi Gud let han få ro på alle kantar.(20.30)

Ved min Ande

Spørsmålet blir då: Korleis skal Guds folk gå fram i åndskampen i dag ?

Guds Ord seier: "Ikkje ved makt og ikkje ved kraft, men ved min Ande, seier Herren, allerhers Gud." (Sakarja 4.6) Det er ikkje noko nytt under sola.

Dersom me trur at me ved vår dungleik og våre evner skal gjere noko i Guds rike, er me kort og godt ubrukelege. Kva var det Gideon fekk høyre frå Herren ? "Du har for mykje folk med deg."(Dom. 7) Gud er ikkje avhengig av dei store folkeskarar, men eit lydhört folk.

Gud må gjere oss ubrukelege i eigne augo og avhengige av **Hans nåde** og **Hans kraft**. Det er ei livslov i Guds rike. Me likar best å vera sjølvhjelpe, og kanskje det derfor er så få kristne som Herren verkeleg kan bruke. Gideons hær blei redusert frå over 30.000 til 300. Han miste over 99 prosent av folka sine! For menneske såg det katastrofalt ut - men alt var og er mogleg for Gud. Dette skjedde for at Gud skulle få æra og ikkje menneske. Hæren som dei møtte var som grashopper og dei hadde kamelar som havsens sand. (Dom. 7.12)

Det er som Søren Kierkegaard seier det: "Gud skaper alt av intet - og alt hva Gud skal bruke, gjør han først til intet". Det er på den måten Gud arbeider - det ser me gjennom heile vår Bibel. Derfor burde vår bøn vere at alle leiarar og alle me andre truande måtte tømast for alt vårt, og at me kunne få ei bøne- og samvitsvekkjing mellom Guds folk. Skulle det skje, ville ein også få oppleve det same som Josafat og Juda: "og age for Herren kom over alle rika som låg rundt ikring Juda."

Det viktigaste i åndskampen er at Guds folk lar Guds Ord og tale få rett, slik at det blir som for David: "Einast i von til Gud er mi sjel stille, mi frelsa kjem frå han." (Salme 62.2) Då først kan han få bruke deg og meg, fordi hans kraft vert fullenda i veikskap.(2. Kor. 12.9)

Åndeleg hærfang - frelste sjeler

Då Herren kjempa for Juda og Guds folk, vart sigeren så stor at dei ikkje kunne bere hærfangen. I åndeleg forstand er sjeler som blir berga for himmelen, hærfang frå djevelen og dei vonde åndsmakter. Me har hatt fleire slike periodar i vårt folk, då fiendehærane har blitt kjempa attende, tider då heile bygdelag har blitt forandra. Gud fekk sende sam-

vitsvekkjingar, så sjelene ropte om frelse, og Herren høyrdé deira bøn. Det blei syndenaud og frelsesfryd. Me treng rope til Herren om slike gjestingstider igjen.

Han som møtte Jeremia i fengselet med orda: "Rop til meg, og eg vil svare deg, eg vil forkynne deg store og ufatteleg ting, ting som du ikkje kjenner."(Jeremia 33.3), han høyrer også ropet til armingen(Jesaia 49.13) i dag, og seier "Herrens hand er ikkje for kort til å frelse, og øyra hans er ikkje tunghøyrt så han ikkje kan høyre." (Jesaja 59.1)

Derfor treng me som Guds folk stanse opp for det me møter i desse kapitla om kong Josafat, og i vår naud rope til Herren som Guds folk i gamal tid: "For me har ikkje styrke nok til å stå mot denne store hæren som kjem imot oss, og me veit ikkje kva me skal gjere. Men augo våre er vende mot deg."(20.12)

Skjer det, ja då kan Herren atter få vinne store sigrar mellom oss. Men hender ikkje det, og tidsånda får innpass og fråfallet rom, ja, då blir me som Saul - forkasta. Måtte ikkje det bli attesten for nokon av oss.

Dag Rune Lid

Her på min livsveg

Mel.: Jeg vet en hvile så skjønn og lang.

Her på min livsveg, fra dag til dag,
er Jesus Kristus min Hyrde.
Så godt at alt mitt er Jesu sak.
På ham har Gud lagt min byrde.
Min synd og skam har Gud lagt på Sønnen,
og derfor hører Gud alltid bønnen
fra synderen, fra synderen.

Her på min livsveg jeg alltid bor
i Jesus, Vintreets stamme.
Der blir jeg liten, og aldri stor,
men får til liv der meg amme.
Der saften fritt gjennom grenen kommer
til blomst og frukt i Guds vingårds sommer
for oss på jord, for oss på jord.

Joh. 15.5.

Kristoffer Høie, 1994

Om enn den Port og den Veg er smal
som fører sjeler til himlen,
den alltid ender i himlens sal
blant frelseste sjeler i vrimlen
Her kamp og trengsel så mange ganger.
Der får jeg synge de nye sanger
i evighet, i evighet.

Den som er urettferdig i smått, han er også urettferdig i stort

Luk. 16, 10.

Det finnes kristne som unektelig har det rett med Gud i den store hovedsaken, men som nesten helt glemmer en mengde såkalte «småting». Disse kan likevel være av en slik art at følgene av denne «glemsomhet» kan være urovekkende store. For de flestes øyne er det skjult at små ting kan ha store følger. Dersom Judas ikke hadde begynt med det fine, forsiktige naskeriet (Joh. 12,6), hadde han aldri kunnet bli så forherdet i sin samvittighet at han til

sist solgte sin Herre for penger. Den som vil unfly store og heslige synder, må begynne med å døde den første spede spire.

Dessuten kan «småsynder» hos en kristen bli til dødelig anstøt for et svakt menneske som bare ser etter virkningen av det nye hellige liv som skal bo i dem som bekjenner Kristus. Hvert ord og hver gjerning blir nøye veid. Mange og store åndelige velsignelser for våre omgi-

velser går tapt bare fordi vi forsømmer å ta oss i vare i «småting».

Å, at våre øyne må åpnes!

Kunne vi rett betenke hva det har på seg å gjøre noe mot den allmektige Guds vilje, gjøre noe som han avskyr og forbyr, og som gjør Den Hellige Ånd sorg, skulle vi aldri for alvor kalte noen synder «små». For selv det minste brudd mot Guds befaling er en stor synd.

Vi bedrar oss så altfor ofte ved å mene at det er en enkel sak å beherske de små synder. Men er det lett, så er det desto verre om du ikke gjør det. Nei, den daglige og stadige årsvåkenhet mot disse «fine» synder, den stadige motstanden mot denne fristelse at «det er jo så lite», eller «bare denne ene gangen», er sanneleg ingen lett sak.

I mange tilfelle er dette vanskeligere enn å motstå de grove fristelsene. Mot disse ruster vi oss med «Guds fulle rustning», og kan derfor lettere stå dem imot.

Den som er tro i smått, er også tro i stort.

Luk. 16,10.

La det bli en regel at når du har noe som skal gjøres, om det enn er noe ubetydelig, så gjør du det med en gang, til fastsatt tid. Ved å stå imot fristelsen til utsettelse har vi den fordelen at hele vår karakter blir styrket, og at våre vaner på mange måter forbedres. Utsettelse er veien til alle unnlatelsessynder.

Det finnes også en «travel lediggang» som ofte kan være bedragerrisk. Både vi selv og andre synes vi har det travelt. Men ved nærmere ettersyn er vår «travelhet» ikke noe annet enn makelig og lettsindig sløseri med tiden. Det kan være nytte-løst og formålsløst prat, planløs lesning, eller å bruke tid til unyttig arbeid. Og vi burde da, etter apostelens ord, «kjøpe tiden».

Når en tenker på hvorledes en kristen som er blitt betrodd evangeliets rikdom og hemmelighet, og dertil Åndens gaver, til alle tider burde sprede en velsignelse av himmelske og evige goder, da er det en uberegnelig skade å forspille den dyre tiden til mindreverdige ting.

På denne måten vil vi finne mange tilfelle som synes oss uvesentlige, men som likevel kan ha store følger, og føre stort ansvar med seg. Begynner vi å følge vår trang til makelighet, la ulyst til arbeid og uorden i småsaker få råde, ligger faren nær for hånden til å fanges av en selvtildredhet som bare tenker på sitt eget beste. Den visker tilbake for all forsakelse, møye og plikt. Mange legger da også bort en bok og avbryter en betraktning som krever ettertanke, eller de skyr et skikkelig arbeid, bare på grunn av sin motvilje for åndelig anstrengelse.

C. O. Rosenius

NYTT FRA BIBELSKOLEN

Nytt skoleår:

Vi har tatt fatt på tredje skoleår ved Bibelskolen alt. Denne høsten er vi fem elever, hvor 3 følger undervisningen på deltid. Det var flere som ba om søknadsskjemaer i år, men det ble liten respons når det kom til stykket. Nå har flere gitt uttrykk for at de vil komme på kortere besøk i løpet av vinteren, så vi kan nok bli noen flere av og til, og det er trivelig.

Personalet er det samme som i fjor, men husmor har noe redusert stilling og er deltidselev ved skolen ved siden av husmoroppgavene.

I internatet har vi leid ut to leiligheter og to hybler. Flere tok kontakt etter annonser i lokalavisen, men reiseavstanden til Tønsberg og et reglement som blant annet nekter overnatting av motsatt kjønn, førte til at mange takket nei. Hvis det er noen som kjenner en ungdom som skal gå på skole i Tønsbergområdet, så ville vi være meget takknemlige om de kunne bli gjort kjent med at det er mulig å leie hybler ved bibelskolen. Prisene er rimelige, og det er rolige og trivelige omgivelser.

Bygninger og økonomi:

I løpet av året som har gått, har vi fått pusset opp mange av rommene

ved skolen. Det er anskaffet møbler, og toaletter og bad har blitt utbedret. Noen toaletter står ennå igjen, men i det store og hele er bygningene i dag meget anvendelige og innbydende og dekker de behov vi har til den daglige drift.

En annen ting er at det blir noe trangt ved større arrangementer. De som var på pinsestevnet, merket nok særlig behovet for en større matsal. Nå har landsstyret vedtatt at det skal slås ned noen vegger på Ekely, slik at vi kan få en matsal som rommer omkring 130 personer. Det vil hjelpe mye, både for dem som skal spise og for dem som skal stå for serveringen.

Det sier seg selv at både det som er gjort i løpet av året, og det som nå skal gjøres, koster penger. Hittil er det gjort utbedringer for omkring 150.000,-. Det er i første rekke utbedringen av toaletter og dusjer som har kostet, samt installering av nytt nøkkelsystem og utbedring av brannvarslingsanlegget. Selve oppussingen forøvrig har ikke kostet mye, takket være stor dugnadsinnsats.

Det er kjøpt inn møbler til møtesalen for 100.000,- og til hyblene for 130.000,-. Det er med andre ord blitt foretatt innkjøp for omkring

400.000,- i løpet av det første året. Dette kommer på toppen av kjøpet, som inklusiv offentlige avgifter kom på 2.050.000,-.

Til tross for dette har vi ikke mer enn 800.000,- i lån, hvorav bare 300.000,- er lånt i bank. Så vi kan ikke si at den økonomiske situasjonen er dårlig.

Statsstøtten har jo sikret at selve skoledriften har kunnet gå sin gang i år uten tilskudd av midler fra misjonen. Vi er imidlertid meget usikre på om vi får beholde støtten - hel eller beskåret - med det elevtallet vi har i dag. Pr. i dag er det ingen nedre grense for statsstøtte, men det er nok på trappene, og vi har ingen garanter for hvor lenge vi kan beholde støtten.

Hvis vi skulle miste støtten fra og med januar neste år, så ser den økonomiske situasjonen helt annerledes ut. Vi har da kun inntekter til å dekke driften av bygningene, mens skoledriften med lønninger og annet må baseres på gaver og kollekter. Vi vil da bare i januar neste år ha behov for omkring 100.000,-, da store beløp forfaller til betaling i den måneden.

Framtidsutsikter:

Vi er selvfølgelig spente på elevsituasjonen i tiden som kommer. Nå skal vi ikke håpe på elever fordi vi ellers vil miste statsstøtten. Det ville

være å holde kjød for sin arm. Det som angår økonomien får vi legge fram for Herren, i tro til at hvis Herren vil at vi skal drive bibelskole, så vil han også sørge for det vi trenger i så måte. Da vil han minne mennesker om å gi. Og så får vi forvalte det vi har fått og det vi får, med tro-skap.

Men la oss ikke så mye bekymre oss for økonomi og antall elever, men la oss granske vår vei, om den er i samsvar med Guds ord. La oss be om å få være tro i vår gjerning, eie det fortrolige samfunn med Herren i oppriktighet og sannhet. Får vi bare nåde til å stå under Herrens velsignelse og eie hans behag i vår gjerning, da har vi ingen grunn til å frykte.

Skoledriften må heller aldri bli et mål i seg selv. Vi må aldri glemme at det viktigste i misjons-gjerningen er at mennesker får høre Ordet fra Guds munn, slik at de kan bli frelst. Derfor skal vi ønske at det kommer mange elever til bibelskolen, for at de kan lære Jesus å kjenne og bli grunnfestet og rotfestet i ham, ikke fordi det vil skaffe statsstøtte.

Så vil vi også denne gangen bedere om å legge skolen, elevene og hybelboerne og oss som arbeider ved skolen, fram for Gud i bønn, slik dere bærer fram forkynnerne våre som reiser med Ordet, og flokkene rundt omkring, at vi alle må få

bli bevart i samfunnet med vår Herre og Frelser, og om vi ved Guds nåde kunne få bli vitne til at Gud legger noen nye til sin menighet. Da var vår gjerning ikke forgjeves!

“Derfor, mine elskede brødre, vær alltid faste og urokkelige, alltid rike i Herrens gjerning, da dere vet at deres arbeid ikke er forgjeves i Herren.” (1.Kor.15,58).

PS. Etter at dette er skrevet er det mottatt signaler om at det vil bli gitt full statsstøtte for ned til 5 elever. Ved lavere elevantall, f.eks. 4, vil en få 4/5 av full støtte osv.

Per Bergene Holm

Nyttårssamling på Fossnes

i tiden 29.12.94 - 1.1.95.

Talere: Magnor Sandvær, Karl Notøy, Jan Oskar Butterud, Lars Fosdal.

Pris: Over 18 år - kr. 350,-

13 - 17 år - kr. 250,-

7 - 12 år - kr. 150,-

Under 7 år gratis.

Påmelding innen 20. desember til Lars Fosdal, Fossnes 3160 Stokke.

Tlf. 33 33 94 16.